



Gleda er stor over at dei 2 bruene i nedre del av elva vart renovert i sommar, men det står att eit kapitel på Skulebrua, seier trafikantar til uskedalen.no
Det gjeld dreneringen. Det har lett for å samla seg vatn på brua og dermed oppstår det fåre for vassplaning. påpeikar dei og ber om at det vert bora fleire hol i dekket hvis det ikkje allereie er gjort.

Frå sakkyndig hald vert det opplyst at det er markert kor det skal borast hol. Derved er det som står att sjølve boringa.

Ein rask synfaring i ettermiddag var i alle fall avslørande: Det samla seg fort mykje vatn på brua og ettersom bilane der ligg i ein liten sving er fåren for planing truleg stor.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen